



Samferdselsdepartementet  
Postboks 8010 Dep  
0030 OSLO

Dato: 02.02.2016  
Vår ref.: 2014/10571-47  
Saksbehandlar: gunradd  
Dykkar ref.:

## Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk - Årsrapport frå Bergensområdet 2015

Viser til avtalen som er inngått mellom Samferdselsdepartementet, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune om tilskot av midlar frå «*Belønningsordninga for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk for perioden 2015 – 2018*». Avtalen slår fast at byområdet skal rapportere årleg til Samferdselsdepartementet innan 31. januar kvart år i avtaleperioden. Rapporteringa frå Bergensområdet for 2015 er noko forseinka, og det beklagar vi.

Partane inngjekk 28.08.2015 avtale om belønningsmiddlar til betre kollektivtransport og mindre bilbruk i perioden 2015-2018. Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune har i denne avtalen forplikta seg til å arbeide for nullvekst i personbiltransporten i Bergen kommune i avtaleperioden. Dette skal skje gjennom kollektivtransportfremjande tiltak, arealpolitiske verkemidlar og restriktive tiltak for personbiltrafikk (evt også tiltak for sykkel og gange). Vedlagte årsrapport inneholder rapportering på måloppnåing og bruk av belønningsmiddlar i 2015, samt plan for bruk av midlar i 2016. Det er gjort greie for eventuelle avvik der det er aktuelt.

### Målloppnåing

Målet for belønningsavtalen er «*nullvekst i personbiltransporten i Bergen kommune i perioden 2015 – 2018*».

Status for trafikkutviklinga viser at samla trafikktal målt i bompengeringen i Bergen er 0,35 % høgare i 2015 enn i 2014. Tungtrafikken utgjer ein like stor del i 2015 som i 2014 med 8,3% av passeringane. ÅDT for lette køyretøy er 132 358 i 2015 mot 131 897 i 2014.

Det er registrert ei auke i talet på el-bilar gjennom bompengeringen. I 2014 var talet på elbilpasseringar i bompengeringen omlag 1,57 mill., dvs. omlag 3% av totalpasseringane. I 2015 var talet 3,13 mill., dvs. at el-biler utgjorde omlag 6% av passeringane. Tal frå BT Signal AS og Bergen Bompengeselskap AS, syner at veksten i elbilpasseringar er langt større enn trafikkveksten generelt.

Talet for påstigande passasjerar på buss og bane for 2015 er dverre ikkje klart før i midten av februar grunna usikre registreringar. Det har vore stor auke i bruk av til dømes mobilbillett og dette krev utvida kvalitetssikring av billettdata og passasjerteljingar som er utført på buss og bane. Arbeidet med å justere tala, basert på gjennomførte passasjerteljingar, er venta ferdig i midten av februar. Dei vil bli ettersendt så raskt som mogleg.

## **Bruk av midlar i 2015**

For 2015 var det den samla summen av tilgjengelege belønningsmidlar på 184 mill kr. Tildelinga av midlar kom seint på hausten og difor er ein del av desse ikkje nytta. Ved utgangen av 2015 er 132, 2 mill kr av tildelte belønningsmidlar overført til 2016. Dette er det gjort nærmere greie for i vedlagte rapport.

## **Vidare arbeid i 2016**

Årsrapporten 2015 viser det samla arbeidet som er planlagt i Bergen for å sikre ei utvikling der kollektivtransport, sykkel og gange vert styrka til fordel for bruk av privatbil. For 2016 er den samla løyvinga på 140 mill. kr. Av desse er 90 mill. kr fordelt til infrastruktur, mens dei resterande 50 mill. kr går til utvikling og styrking av kollektivtilbodet. Dei overførte midlane frå 2015 vil nyttast til vidare planlegging av bybanen og andre prosjekt i Bergensprogrammet. I vedlagte rapport er dette omtalt nærmere.

Dei mest krevjande planprosessane er knytt til det vidare arbeidet med Bybane til Fyllingsdalen og Åsane. I 2015 vart planprogrammet for Bybanen frå sentrum til Fyllingsdalen lagt fram. Her er aktuelle trasear og nødvendige utgreingar omtalt. Det er lagt opp til endeleg vedtak av reguleringsplan for denne strekninga i 2017 (byggetrinn 4). Dersom prosjekteringen startar opp parallelt med reguleringsarbeidet kan byggearbeidet starte i 2018. Deretter står strekninga frå sentrum til Åsane for tur (byggetrinn 5).

Arbeid med infrastruktur for gåande og syklande vil vere ei høgt prioritert oppgåve i åra som kjem. Mellom anna startar arbeidet med å gi myke trafikantar eit fullverdig tilbod langs Salhusvegen og Bjørgeveien. Begge stader vil over 1 km veg verte utbedra på viktige strekningar. Det er skissert opp fleire tilsvarende tiltak i vedlagte rapport.

I årsrapporten er det gjort greie for bakgrunnen for tiltak som ikkje er realisert etter oppsett plan. Etablering av sambruksfelt på innfartsvegen frå sør (Fjøsangervegen) og innføring av tidsdifferensierte bompengesatsar er døme på tiltak som har vore forseinka. Begge desse tiltaka vil bli innført i første kvartal av 2016, og det er venta at dei vil ha positiv verknad på å nå målet om nullvekst i biltrafikken. . Tidsdifferensierte bompengetakstar vart innført 1. februar 2016. Hovudformålet å redusere biltrafikken i rushtida om morgonen og ettermiddagen, samt stimulere til betre fordeling av trafikken gjennom døgnet. I samanheng med i innføring av tidsdifferensierte bompengar vart kollektivtilbodet utvida med 300 nye avgangar frå 1. januar. Sambruksfeltet skal etter planen opnast 9. mars 2016, og vil vere eit restriktivt tiltak retta mot «solobilistar». Hensikta er å oppmøde til samkøyring, samt bruk av andre transportalternativ.

Etter vår vurdering har Hordaland, fylkeskommune og Bergen kommune, med oversending av årsrapport for 2015, oppfylt vilkåra for utbetaling av tilskot for 2016.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Gunhild Raddum  
Seniørrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*